



NYHEITER VINDKRAFT FJALER

Zephyr-sjefen: - Eg må innrømme at det gjer inntrykk



PROSJEKTLEIAR: Johnny Hansen i Zephyr. Foto: Ivar Bruvik Saetre

Av [Ivar Bruvik Sætre](#)

30. oktober 2019, kl. 17:26

Sjølv om folkemotstanden mot vindkraft gjer inntrykk, er Johnny Hansen sterk i trua på at landbasert vindkraft i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger

er ein god idé.

DEL

f

...

ANNONSE

- Vi må innrømme at gjer inntrykk, men vi kan ikkje springe frå lokalet for det, seier Hansen, som er prosjektleiar i Zephyr.

Det ville ikkje vore utenkeleg å ville ta beina fatt for ein Zephyr-prosjektleiar når stemninga blei så amper som på møtet på Yndestad gard denne onsdagen.

Zephyr la fram vindkraftplanane sine til haglande kritikk frå framøtte grunneigarar og bebuarar i dei aktuelle kommunene.



LES OGSÅ

Fekk enorm motstand på grunneigarmøte. - Reis herifrå og vis dykk ikkje meir

Ønsker ikkje å trekke seg ut

- *Korleis er det å bli møtt av så stor motstand?*

- Det gjer inntrykk. Men for oss er det viktig å formidle ein bodskap. Vi er opptatt av at det skal bli ei kunnskapsbasert tilnærming til dette. Kunnskapen skal avgjer om ein er for eller imot. Vi ser at det tar tid før ein

forstår kva dette handlar om og korleis det blir. Vi har ikkje noko ønske om å trekke oss ut, dette er jobben vår, seier Hansen.

– *Kan de vere optimistiske når kommunar seier nei og folk tydelegvis er så imot?*

– Det verkar som svært godt eigna fjellområde med gode vindressursar. Men som eg snakka om i møtet, gjennom konsekvensutreiing får vi vite i kor stor grad dette berører viktige eller mindre viktige forhold i naturen.

– Det er ikkje slik at det finst område i Norge utan verdi. I alle område finst både dyr og planter. Derfor er det ei svært vanskeleg avvegging myndigheitene skal ta. Dei skal nå ein betydeleg reduksjon av klimautslepp til 2030. Det greier dei ikkje å få til utan ting som dette.

- Provosert

Liv Irene Systad (50) frå Hyllestad var ein av dei fram møtte. Ho var tydeleg prega i pausen under møtet.



I PAUSEN: Liv Irene Systad og Anja Fortun frå Hyllestad måtte ut og kjøle seg ned i kulda i pausen. Foto: Ivar Bruvik Sætre

– Eg er så provosert at eg ikkje har ord. Eg synest det er frekt, at dei er nedlatande og brukar hersketeknikkar. Dei har vore her før, og kjem igjen sjølv om dei har fått underskrifter mot seg. Folk her er nesten på gråten, seier ho.

– *Er det ikkje noko positivt med vindkraft?*

– Nei. Dei lyg om alt, inkludert tal på arbeidsplassar.

– *Korleis vil vindkraft eventuelt gå utover deg?*

- Ein av grunnane til at eg bur i Hyllestad, er tilgjengelegheita til fine fjellområde, som dette vil øydelegge. Om dei bygger vindkraft på land, må eg reise veldig langt for å komme til eit område fritt for vindturbinar, seier Systad.


- Viktig med felles komite imot vindkraft


Einar Rysjedal frå Høyanger stod i spissen under for demonstrasjonen før møtet. Han er nestleiar i informasjonskomiteen som dei råka kommunane har oppretta for å jobbe mot vindkraft: interkommunal informasjonskomité mot vindkraft.

- No når nasjonal ramme for vindkraft er trekt, er vi redd for at Zephyr skal gå laus på område bit for bit. Desto viktigare er det med felleskomite, så ein ikkje blir sett opp mot kvarandre, seier Rysjedal.



AKTIV MOTSTANDAR: Einar Rysjedal frå Høyanger er nestleiar i interkommunal informasjonskomité mot vindkraft og har vore synleg i media med lesarinnlegg om tematikken. Foto: Ivar Bruvik Sætre





FRYKTAR RASERING: : – Eg har sjølv vore med å rasere mykje natur når det gjeld vasskraft. Det er det som skjer viss ein begynner med vindkraft, sier Edmund Hovlandsdal (68) frå Hovlandsdal. Foto: Ivar Bruvik Sætre

Lik Firda på Facebook



Les meir om: [Nyheiter](#) [Vindkraft](#) [Fjaler](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker



Tok ungdommar som dreiv hærverk på fersken



Meiner ny veg er farleg: - Vi har ingen barn å miste



Alice (19) blei kontakta av produsent etter The Voice: Resultatet blei ny låt



Gründersenteret får nye oppgaver og nytt namn: - Veldig kjekt at vi blir satsa på



Frustrert etter tap. - Vi hadde alt for mykje respekt for Flint

Kommentarer til denne saken

Eldste

Nyeste

Populære

[Debattregler](#)

Du skriver som: **Roy Ove Svarstad** ▾

Kommenter

Arne Joleik ✓ for 6 timer siden

👍 (1)

<http://motvind.org>

Svar · **Rapporter**

Til toppen

Utgitt av Firda Media AS • Adresse: Firdavegen 12, 6800 Førde • Ansvarleg redaktør: Kai Aage Pedersen

- Administrerende direktør: Svein Atle Huus • Sentralbord: 57833300 • Tipstelefon: 57833333 • Personvernpolicy / Informasjonskapsler
 - Redaktørplakaten • PFU
- Firda Nett blir samla inn og lagra av Nasjonalbiblioteket regelmessig. Nettavisa vil bli gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.

© 2019